



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ungdomsrådet  
**Møtestad:** Møterom A, Rådhuset  
**Dato:** 17.06.2015  
**Tid:** 16:10 til 18:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Peter Bjørneset	Leiar	Undomsklubben
Sigurd Tverberg	Medlem	Volda ungd.
Eirik Eiksund	Medlem	Volda ungd.
Karina Straume	Medlem	Folkestad ungd.
Ragnhild Sunde Stokke	Medlem	Volda vgs.
Jonas Otheim Myklebust	Nestleiar	Lag og org.

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sivert Rabben Aam	MEDL	Volda ungd.
Maiken Gjøsdal	MEDL	Dalsfjord ungd.
Ole Martin Iversen	MEDL	Volda vgs.
Amailie Gjøsdal Wollmann	MEDL	Lag og org.

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Mathias J. Rindal	Felles vara	
Reidun P. H. Geitvik	Felles vara	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
May-Lisbet Lande	Koordinator

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak	Side
	<b>SAKER TIL HANDSAMING</b>	
PS 19/15	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>	
PS 20/15	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte</b>	
PS 22/15	<b>Ungdomsmidlane 2015</b>	
PS 23/15	<b>Kommunereformen - Status pr. 1. halvår 2015</b>	

### Ymse:

- Planlegging av valet til hausten
- Møte avslutta med sommaravslutning på Marias Pizza

## **SAKER TIL HANDSAMING**

### **PS 19/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Røysting:**

Samrøystes vedteken

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.06.2015**

*Samrøystes vedteken*

### **PS 20/15 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte**

**Røysting:**

Samrøystes vedteken

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.06.2015**

*Samrøystes vedteken*

### **PS 21/15 Ungdomsmidlane 2015**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding*

**Handsaming:**

I tillegg til søknaden frå Team Five og frivilligsentralen har det komt inn ein søknad frå Volda kommune v/Torgeir Stensø. Søknaden frå Stensø er komt inn etter søknadsfristen og ungdomsrådet diskuterte om dei skulle ta stilling til søknaden. Det vert søkt midlar til finansiering av grillutstyr på Munken bade plass. Ungdomsrådet synest tiltaket er svært positivt og vel å ta med søknaden i årets utdeling av ungdomsmidlar.

***Ungdomsmidlar for 2015 vert fordelt slik:***

Team Five og frivilligsentralen, sommaraktivitet for born, ungdom og familiar får tildelt kr. 6000,-.

Volda kommune v/Torgeir Stensø, innkjøp av grillutstyr på Munken bade plass får tildelt kr. 17.000,-.

**Røysting:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.06.2015**

***Ungdomsmidlar for 2015 vert fordelt slik:***

*Team Five og frivilligsentralen, sommaraktivitet for born, ungdom og familiar får tildelt kr. 6000,-.*

*Volda kommune v/Torgeir Stensø, innkjøp av grillutstyr på Munken badeplass får tildelt kr. 17.000,-.*

#### **Handsaming:**

Etter ein del diskusjon kom ungdomsrådet fram til fyljande vedtak:

Ungdomsrådet vil gjerne støtte prosjektet og ber om å få tilsendt budsjett som viser korleis midlane er tenkt nytta. Det er utarbeidd eit eige søknadskjema til ungdomsmidlane, skjemaet inneheld dei opplysningar som rådet treng for å behandle søknaden. Ein ber om at dette skjema vert utfylt og ettersendt. Saka vil bli tatt opp til ny behandling på møte 17. juni.

#### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

#### **Vedtak i Ungdomsrådet - 20.05.2015**

*Ungdomsrådet vil gjerne støtte prosjektet og ber om å få tilsendt budsjett som viser korleis midlane er tenkt nytta. Det er utarbeidd eit eige søknadskjema til ungdomsmidlane, skjemaet inneheld dei opplysningar som rådet treng for å behandle søknaden. Ein ber om at dette skjema vert utfylt og ettersendt. Saka vil bli tatt opp til ny behandling på møte 17. juni*

#### **PS 22/15 Kommunereformen - Status pr. 1. halvår 2015**

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreiinga om status i prosessen.**
- 2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune.  
Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.**
- 3. Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing.**
- 4. Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.**

**Handsaming:**

Ungdomsrådet tek saka til vitande

**Røysting:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.06.2015*****Ungdomsrådet tek saka til vitande*****Handsaming:**

Innspel frå dei hovudtillitsvalde om kommunereforma dat. 03.06.15 vart lagt ut på lesebretta på møtedagen.

Ordføraren kom med fylgjande framlegg:

Presisering av pkt. 3

*Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan...*

nytt pkt. 4:

*Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.*

Gunnar Strøm, SV, kom med fylgjande framlegg som nytt pkt. 5:

*Volda kommune skal halde rådgjevande folkerøysting om eventuell samanslåing med andre kommunar uansett kva den andre/dei andre kommunane vil gjere.*

Odd A. Folkestad kom med fylgjande framlegg som tillegg til pkt. 3:

*Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.*

Prøverøysting:

Pkt. 1 og 2 i tilrådinga frå administrasjonen fekk ni røyster.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen og tilrådinga med presiseringa frå ordføraren, fekk tilrådinga med presiseringa ni røyster. Tilrådinga utan presiseringa fekk 0 røyster.

Tilleggsframlegget frå Odd A. Folkestad fekk ni røyster.

Framlegget frå ordføraren til nytt pkt. 4 fekk ni røyster

Pkt. 4 i tilrådinga frå administrasjonen (her etter kalla pkt. 5) fekk ni røyster.

Framlegget frå Gunnar Strøm fekk ni røyster

Gunnar Strøm trekte framlegget sitt.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen med tilleggane og endringane frå ordføraren og Odd A. Folkestad vart samrøystes vedteken.

**Tilråding frå Formannskapet - 09.06.2015 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreiinga om status i prosessen.*
- 2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.*
- 3. Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.*
- 4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.*
- 5. Kommunestyret har som intensjon å følge framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.*

Møte slutt kl. 18:00  
Volda kommune, Kultur og service  
18. juni 2015

May-Lisbet Lande  
Koordinator